



Høgskulen  
på Vestlandet

Institutt for velferd og deltaking

## Innkalling

### Studieprogramråd for vernepleie

Møtedato: 19.01.20 kl. 13.00-15.00

Sted: Zoom (digitalt møte)

---

#### Deltakere:

Unni Aasen, fagseksjonsleiar  
Hege Cathrine Aarile, faglig representant  
Ingvild Hollekve, faglig representant  
Ann-Jeanette Sandven, studentrepresentant, deltid kull 18  
Solveig Øyehaug Moe, studentrepresentant, 1. klasse campus Sogndal  
Mari Svinvik, studentrepresentant, 2.klasse campus Bergen  
Asbjørg Bjørkedal, Habiliteringstenestea i Sogn og fjordane, eksternt medlem  
Beate Kristin Lilleheil, Helse Bergen, eksternt medlem  
Silje Haugland, Førstelektor ved Universitetet i Agder, fagfellerepresentant  
Ingrid Faaberg, administrativ representant og referent  
Ingunn Barmen Tysnes (deltakande på punkt 3/21)  
Cecilie Thaule Løvlid (deltakande på punkt 3/21)

#### Forfall:

May Lereng, studentrepresentant, 3.klasse campus Bergen

Etablering av studieprogramråd og rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning:

[Studieprogramråd](#)

[Studieprogramråd ved FHS](#)

[Kvalitetshandboka](#)

[Utdanningskvalitet ved FHS](#)

[Rammeverk](#)

[Retningslinjer for honorar og lønn til studenter](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
<b>1/21 Godkjenning av innkalling og saksliste</b>		Innkalling og saksliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagsekjonsleder	5 min
<b>Referat:</b>  Innkalling og saksliste er godkjent utan merknad.				
<b>2/21 Status kvalitetsarbeid</b>		Gjennomgang av evaluering	Fagsekjonsleder og Programkoordinatorene	10 min
<b>Referat:</b>  Det vert jobba med innføring av nytt kvalitetssystem. Evalueringar vert gjennomført etter plan. <ul style="list-style-type: none"><li>• 1. år Bergen og Sogndal: Tilbakemeldingane er at det har fungert godt, og eksamensresultat syner at kvaliteten er der den skal vere (snitt C). Godt samarbeid mellom campus Bergen og Sogndal.</li><li>• 2. år Bergen: Har hatt møter kvar veke undervegs i semesteret, noko som har fungert godt for å halde kullet oppdatert.</li><li>• 3. år Bergen: Emne i haust har vore heildigitale, deretter praksis – alle praksisar kom i gang trass i covid-19 restriksjonar.</li><li>• 2. år Sogndal: På grunn av covid-19 er det for dette kullet bytta om på rekkefølge av emne. Kullet har fått gjennomført det dei skal, og har vore prioritert inn på campus.</li><li>• 3. år Sogndal: Har også hatt mykje digitalt i haust, gruppearbeid, dialog. Det er krevjande å få god kvalitet digitalt.</li></ul>				

Deltid:

- Kull 20: Har hatt 2 samlingar på Campus, etter det digitalt hatt digital undervisning. Evaluering syner at studentane er fornøgde.
- Kul 19: Har fått mykje endringar på grunna av covid-19, men det er likevel ingen som har fått stopp i studiet på grunn av dette. Ferdighetstrening har vore gjennomført på campus. Fag har prøvd å ha hyppigare møter med dei då dei gitt tilbakemelding om at dei ikkje får nok informasjon.
- Kull 18: Dette kullet skal skrive bacheloroppgåve til hausten. Har som dei fleste andre også hatt mykje digital undervisning.

For alle kulla har fagseksjonen prioritert å ha tettare møter med klassen sine tillitsvalte og klassen på grunn av covid-19. Fagseksjonen er avhengig av informasjon frå myndigheter/FHI, og får informasjon samstundes som studentane. Krevjande for alle, både studentar og tilsette.

Kommentar frå programkoordinator: det er utfordringar med å få studentane til å svare på evalueringane, låg svarprosent.

Student spelar inn at dei ynskjer å vite kva som skjer etter evaluering. Og når evalueringa er gjennomført ynskjer dei tilbakemelding i til dømes klassens time slik at dei kan vere med å reflektere kring dette. Studentane vil gjerne vere med på etterarbeid etter evaluering. Dei ynskjer også at evaluering vert gjort så kort tid som mogeleg etter emne er ferdig då dei opplever at det er vanskeleg å gjere lenge etterpå. Kan det gjerast i grupper? Avslutte emne med evaluering? Fag tek det med seg og vil arbeide vidare med å forbetra dette.

<b>3/21 Master i sosialvitskap</b>		Orientering om arbeid med Master i Sosialvitskap	Ingunn Barmen Tysnes	30 min
------------------------------------	--	--	----------------------	--------

**Referat:**

Ingunn Barmen Tysnes orienterte om master i sosialvitskap. Studieprogramrådet er referansegruppe til utarbeidings av master.

Master i sosialvitskap skal gi tilbod til alle tre grunnutdanningane ved instituttet. Det skal vere ein felles fagleg plattform med tre fordjupingar. Det er planlagt at dei skal byrje med fellesemne, då det er mange fordalar med å gjere dette. Studieplankomiteen ynskjer tilbakemeldingar på følgjande punkt:

- 1) Hvordan dere opplever innretningen av fellesemnene?
- 2) Hvordan dere vurderer innholdet i emnene?
- 3) Hvordan dere anser at disse to felles emnene kan gi et relevant kunnskapsgrunnlag som også vil være relevant for de tre fordypningene?

Tilbakemeldingar frå studieprogramrådet:

Det er ein fordel at det vert tverrfaglege emne fyst, fører og til at kulla blir samansveisa (lagar fellesskap). Å transformere praksis over til forsking er eit veldig interessant perspektiv. Det vert gitt tilbakemelding om at det å bruke uttrykket «fagleg tryggleik for den tilsette» står i motsetning til brukar sitt perspektiv. Kunnskapsbasert praksis - saknar forsking i emne.

Student melder inn at sosiale nettverk er noko dei lurer på om er med? Kan passe i miljøterapeutisk arbeid. Har litt av det i utdanninga, det er framtidsretta og noko vernepleiarar kjenner seg att i. Tykkjer masteren ser spennande ut. Men lurer på kva som ligg bak orda? Kanskje fokusere på å ha med omgrep vernepleiaren kjenner igjen, slik at fleire vernepleiarar vil ta masteren.

Arbeidsgjevar ser etter FOU – det må vere ein del skildringar av ferdigheiter. Nyttig kompetanse i arbeidsmarknad (generell kompetanse). I emnet sosial ulikskap og marginalisering kjem FOU inn. LUB må balanserast opp mot utdanning generelt. Det skal vere treffande både mot vidare forsking og vidare praksis.

Studieprogramrådet etterspør også om etikk, utanforsk, uføre, funksjonsnedsetting, rus, psykiatri er det med? Emne: deltaking og medborgarskap der er ulike brukargrupper meir nemnt. Både individuelt preg og samfunnsnivå, og forsök på å knytte dei saman. Er det for mykje for 15 studiepoeng? Eventuelt avgrense det litt. Arbeidet vidare går slik at dei lagar eit skjelett, så byggar ein vidare på dette.

Vert etterspurt kva som er den rauda tråden og korleis ein syter for at dette blir ein master som ein vernepleiar vil søke på. Er problemløysing til empowerment ein raud tråd? Er det ein master gjennomsyra av resiliens? Kanskje det burde synast igjen betre i fellesemna?

I forhold til utarbeidning av læringsutbytta så er det lurt å jobbe dei grundig ut, slik at dei kan inspirere studentane. Passe på grammatikken, og vere obs på at bruk av komma fører til dobling av arbeidsbelastninga. Fleire innspel på dei lub'ane som var i emna. Raud tråd: autonomi – deltaking – ikkje berre gi rettigheitar, men få brukargruppa til å nytte dei også. Omgrepet deltaking treff fleire grupper – til dømes det at folk i alle grupper strevar med å forstå til dømes eit helsebrev.

Kunnskapsbasert praksis er litt fråverande. Emne bygger på eldre og nyare sosialvitskapsteori, men rettar seg mot vernepleiarutdanninga. Kan ein få inn læringsteoriar, pedagogiske teoriar som vernepleiarane kjenner? Då blir det meir retta mot yrkesfeltet. Masteren verkar litt teoritung slik vi har fått den presentert no. Det blir heller ein akademisk vidareføring enn profesjonsutøving. Profesjonsteori kunne vore med? Vernepleiarar er i eit yrkesfelt som aktivt må inn å bistå brukargrupper, og det må arbeidast med å få brukarane til å bruke rettigheitar dei får (autonomi).

Medlem i studieprogramrådet har erfart at studentane likar varierte eksamensformer, ein blanding av heimeeksamen, skuleeksamen og oppgåveskriving. Det kan også passe inn her.

Viss ein ser til master i samfunnsarbeid så erfarer fagmiljøet at det blir for lite vernepleiefaglege ord inn i emnebeskrivingane der, litt like desse som vi har hatt fått til gjennomlesing. Då vert det vanskeleg å fange inn vernepleiestudentane. Viktig at dei kjenner seg igjen i omgrep og tema.

Spørsmål frå Tysnes: Skriftleg heimeoppgåve gjer til at ein oppnår mykje læring. Masteroppgåve er 45sp, fastsett av HVL. Kombinasjon mellom forelesingar og artikkelseminar (lese ulik forsking frå dei tre retningane) og oppgåveseminar, få innspel og gi innspel på studentarbeid. Kva syns SPR om det? Innspel frå SPR: Bra med studentaktive læringsformer, hensiktsmessig. Mykje læring i å gi tilbakemeldingar til andre. Artikkellesing er positivt, og det å lese engelsk er bra.

Når ein skal lage programbeskrivinga er det viktig å vinkle det og sjå det i samanheng for å sjå den rauden tråden. Utkastet til programplan skal vere klar 1. juni. Studieprogramrådet vil få utkastet til studieplan i juni 2021 – og skal komme med innspel på det igjen då.

<b>Pause</b>				
<b>4/21 Studiebarometeret</b>		Resultat fra studiebarometeret	Programkoordinatorene	20 min
<b>Referat:</b>  Det er sperrefrist på studentbarometeret til 11. februar 2021 – derfor ikkje referert frå dette punktet.				
Vi rakk ikkje sak 3, 4, 5 då ein brukte mykje tid på innspel til master i sosialvitskap då det er viktig at vernepleiarane blir høyrd slik at det blir ein master som vernepleiarar ynskjer å ta. Unni sender ut orientering skriftleg til dei sakene som vi ikkje gjekk gjennom på møtet. Vedlagt under på kvart punkt:				
<b>3/20 Årlig sak om bruk av E – læring og digitale læringsformer i utdanningen</b>	Vedlegg:	Orientering	Fagseksjonsleder	10 min
<b>Referat:</b>  Det er et omfattande arbeid som er gjort med digitalisering av undervisning i alle emne i studieplanen. Det er laget undervisingsressursar både til synkrone asynkrone undervisningsopplegg. Det er både gode og dårlige erfaringar med digitalisering av undervisning. I hovudsak så saknar ein dialogen og møtet med studenten. Alle eksamenar unntake praktisk eksamen er digitalisert. Dette har vi god erfaring med. Vi har også god erfaring med å gjennomføre rettleiing digitalt. Det er også utvikla god				

støtte til utvikling av digitale læringsressursar. Det er etablert ei eiga avdeling i HVL som arbeider med dette. [ALU – Avdeling for utvikling av læring og undervisning - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)

Vidare er det gjort eit stort arbeid i utvikling av digitale læringsressursar til undervisning i Kunnskapsbasert praksis. Dette er implementert i alle utdanningar ved Fakultet for helse og sosialvitskap. Dette er og godt forankra i alle emne i vernepleieutdanninga.

<b>4/20 Årlig sak om praksis</b>  <b>Avtaler</b>  <b>Oppfølging og vurdering</b>  <b>Evaluering og tilbakemeldinger fra praksisfeltet</b>	Vedlegg:	Orientering	Fagseksjonsleder	10 min
---	----------	-------------	------------------	--------

**Referat:**

Det er eit omfattande arbeid som er sett i gang i høve kvalitetsforbetring av praksis. Det skal utarbeidast samarbeidsavtalar med alle praksisplassar. Det er gjennomført et stort prosjekt der det er laga fleire omfattande rapportar. [Praksisprosjektet - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)

Det har og vore eit godt samarbeid med praksisfeltet no under Koronaen der vi har prøvt å hjelpe kvarandre så godt det har vore mogeleg. Det er og utvikla ei eiga nettside som omhandlar praksissamarbeid. [Praksissamarbeid med oss - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)

<b>5/20 Orienteringssaker</b>	Vedlegg:	Orientering om oppstart av deltidsutdanning i Haugesund  Orientering om arbeidet med implementering og samordning av nye studieplaner		10 min
-------------------------------	----------	---	--	--------

**Referat:**

Arbeidet med oppstart av deltidsutdanning i Haugesund er i full gang. Denne utdanninga er samordna med deltidsutdanninga i Sogndal. Det faglege innhaldet er likt som i ny studieplan for heiltid, men på deltid går den over fire år. Det er ein stor fordel for deltidsutdanninga at vi har gjennomført første året på heiltid før vi startar opp deltid - då kan vi gjere justeringar på bakgrunn av erfaringar. Erfaringane våre frå gjennomføring og samordning av ny studieplan har vore gode. Det er eit godt fagleg samarbeid på tvers av campus.

<b>6/20 Eventuelt</b>				5 min
<b>Referat:</b>				